

**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Postboks 43
6861 Leikanger

Dykkar ref

Vår ref
02/4393 KO KØ BED

Dato
20.09.2002

-2

**OM FINANSIELT SAL AV KONSESJONSKRAFT OG FORHOLDET TIL
KOMMUNELOVA §§ 50 nr. 1 OG 59a nr. 1.**

Sendt
20.9.02
K4

Vi synar til brev med dato 25.6.02 med spørsmål om departementet si vurdering av finansielt sal av konsesjonskraft i Vik kommune sett i lys av kommunelova sine reglar om låneopptak.

I revisjonsmeldinga for 2001 skriv Sogn revisjonsdistrikt følgjande:

"I samband med omstruktureringa har kommunen inngått ein avtale som sikrar prisen på konsesjonskrafta i 10 år framover. Dette gjev ein årleg utbetaling på kr. 9.750.500. Desse pengane har kommunen gjennom ein "rentebytteavtale" med DnB Markets avtalt å betala inn til dei mot ein eingongsutbetaling på kr. 69.211.000. Eingongsutbetalinga har kommunen gjennom forvaltar plassert i obligasjonar, også aksjar frå 2002. Vi meiner at rentebytteavtalen må likestillast med lån, og etter kommunelova § 50 er det ikkje høve til å låna til kjøp av aksjar og obligasjonar. Vi tek derfor atterhald om rentebytteavtalen er lovleg."

Departementet er beden om å vurdere saka i lys av merknadane frå revisjonen.

Omgrepet lån er ikkje definert i kommunelova. Omgrepet må såleis tolkast i lys av dei omsyna kommunelova sine reglar er meint å ivareta, mellom dei nasjonale omsyn og omsynet til ei sunn kommunal økonomistyring.

Ei balansert nasjonal økonomisk utvikling krev kontroll med kommunane sine bruk av ressursar på kort og lang sikt. Balansekravet knytt til årsbudsjettet er ein del av staten si styring av kommunane sine inntekter, og er eit verkemiddel til på kort sikt å leggje band på kommunane sine utgifter ut over dei inntektene som kjem frå statlege overføringar, skattar og brukarbetalingar. Ein metode kommunane har til å auke bruken av ressursar på kort sikt er lån. Med bakgrunn i omsynet til staten si styring med kommunale inntekter vil eit lån innebere ein metode der ein mot å binde framtidige inntekter mottok eit eingongsbeløp i dag. For så vidt meiner departementet at avtalen med DnB Markets har dei same økonomiske realitetane som eit lån ved at Vik kommune mottok ei eingongsutbetaling i dag mot å betale ein årleg sum dei neste åra.

Kommunelova § 50 inneheld reglar om kva føremål kommunane kan ta opp lån til. Desse reglane har si bakgrunn i det finansielle ansvarsprinsipp og omsynet til at kommunane må holde eit aktivitetsnivå som er tilpassa inntektene på lang sikt. Avtalen mellom Vik kommune og DnB Markets er del av ein større struktur med føremål å auke avkastninga frå konsesjonskrafta, og gir kommunen ei eingongsutbetaling mot ei underliggende kontantstrøm som er knytt til konsesjonskraft. Avtalen inneber i så måte ingen udekkja betalingsplikt i framtida der kommunen, som ved lån, må dekke renter og avdrag med inntekter som elles kunne vert nytta til produksjon av tenester. Departementet finn at avtalen mellom Vik kommune og DnB Markets ikkje kan likestillast med lån.

Departementet vil peike på at kommunesektoren har stor verknad på den nasjonale økonomien, og at det såleis er naudsynt med tilstrekkeleg statleg styring av inntektene til kommunane. Ei effektiv styring av inntektene krev at kommunane tek omsyn til vilkåra som ligg i inntektsrammer og lovverk.

Kommunane finansierer si verksemd gjennom fiskale inntekter samt brukarbetalingar. Departementet stiller spørsmålsteikn ved finansielle transaksjonar som gir denne typen inntekter. Finansielle avtaler som har dei same økonomiske realitetane som lån burde i regelverket likestillast med lån. Departementet vil difor vurdere om det kan vere naudsynt med føresegnar som avgrensar bruken av slike avtaler.

Ved å gå inn i kompliserte finansielle avtaler med komplisert risikostruktur kan kommunen bli ytterlegare eksponert for risiko. Departementet vil generelt understreke at det er viktig at kommunane opptre som profesjonell motpart med eit medviten forhold til risiko, og at ein søker å minimere eksponeringa for risiko. I denne saka legg departementet til grunn at Vik kommune ikkje har teke risiko som bryt med gjeldande lov og forskrift. Departementet har elles ikkje vurdert graden av risiko.

Med helsing



Trond Christensen e.f.
underdirektør



Bent Devik
Førstekonsulent

Kopi:

Vik kommune, 6891 Vik i Sogn

Sogn Revisjonsdistrikt, 6863 Leikanger